

# Statuttar for

## Akademifondet til framhjelp for norsk kulturreising

### 1. Bakgrunn for oppretting av fondet.

Fondet er skipa i medhald av §6 i vedtektene for Rauland Folkehøgskole og Akademi (RFA). Disse fastsetta at overskottet ved sal av skolen skulle setjast av til eit fond. Rentene av fondet skal delast ut til framhjelp for norsk kultur.

### 2. Grunnkapitalen, Fondsmidelen

Overskottet frå salet saman med akkumulerte renter fram til 31.12.03 utgjer grunnkapitalen i fondet. Fondskapitalen skal plasserast på trygg måte og til høgast mogleg rente.

Frå 1994 skal, etter at administrasjonskostnadene er dekte, 25% av rentene leggjast til grunnfondet. Resten av rentene skal delast ut etter punkt 5 i statuttane.

### 3. Fondsstyret

Fondsstyret har 3 medlemmer med varamedlemer oppnemnd av dei 3 organisasjonane som stod bak RFA (Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Norsk Folkehøgskolelag). Funksjonstida for kvar medlem er 5 år. Etter at fondet har kome i gang med utdeling, skal ein medlem med varamedlem skiftast ut kvart år etter ei rullering partane imellom. Styret konstituerer seg sjølv med leiar, skrivar og rekneskapsførar.

### 4. Rekneskap og årsmelding

Fondsstyret bør ha minst eit møte i året. Rekneskapen skal reviderast av registrert revisor. Årsmelding og rekneskap skal sendast dei 3 organisasjonane.

### 5. Utdeling frå fondet

Akademifondet skal gje støtte til tiltak innan t.d. folkeopplysning, mål- og kulturarbeid. Så vel privatpersonar som lag, organisasjonar og institusjonar kan søkje om utdeling frå fondet. Fondet kan på eige initiativ gje påskjøning til personar, lag, organisasjonar og institusjonar som fondsstyret meiner har gjort et verdifullt arbeid.

Søklarane skal leggje fram planar og budsjett. Fondet skal krevje rekneskap og rapport. Midlane kan krevjast attende dersom tiltak ikkje vert gjennomført eller midlane bevisleg har vore nytta til anna enn føresett.

#### 6. Søknadsfrist og utdelingstidspunkt

Søknadsfristen er 31.3 kvart år. Utdelinga frå fondet skjer ved ei høveleg tilskipping i ein av dei tre organisasjonane t.d. årsmøtet.

#### 7. Oppløysing av fondet

Fondet kan berre oppløysast etter vedtak (2/3-dels fleirtal) på årsmøte i NM, NU og NF. Fondsmidlen skal då delast likt mellom dei tre organisasjonane.

#### 8. Kunngjering av fondet

Det skal trykkast ein faldar til bruk for søkjarane og for å gjera fondet kjent.

Oslø, 12/12-2019

  
Torbjørn Bergwitz Lauen  
Noregs Ungdomslag

  
Gro Morken Endresen  
Norges Mållag

  
Knut Simble  
Folkehøgskoleforbundet  
(Tidligere Norsk Folkehøgskolelag)